

Kven kan få ekstrastipend?

Ekstrastipend kan bli gitt i tillegg til vanleg utdanningsstøtte og er på inntil 3 763 kroner per måned. Stipendet er meint for søkjarar som er i stand til å studere, men som på grunn av nedsett funksjonsevne bruker så mykje tid og krefter på å studere, at dei ikkje kan ha lønna arbeid ved sidan av studiet utan at det vil gå ut over normal studieprogresjon. Det er lege, spesialist eller annan fagperson med særleg kjennskap til den nedsette funksjonsevna som må stadfeste søknadsopplysningane. Det må bli gjort ei vurdering/utgreiing av funksjonsevna til søkjaren og korleis den vil innverke på studiesituasjonen i 2019–2020. Dersom det frå tidlegare år er stillt ein diagnose eller vurdert av andre at søkjaren har ei nedsett funksjonsevne, trengst ikkje dette blir gjort på nytt. Men lege/fagperson må gjere ei eiga vurdering av korleis den nedsette funksjonsevna påverkar studiesituasjonen i den aktuelle søknadsperioden. For at søkjaren skal ha rett til ekstrastipend må lege stadfeste at søkjaren, på grunn av nedsett funksjonsevne, bruker vesentleg meir tid og krefter enn andre studentar på same studium. For eksempel må han/ho bruke betydeleg meir ressursar på å lese pensum, eller på grunn av bevegelsesvanskar, bruke vesentleg meir tid og krefter på å komme seg til og frå lærestaden.

Hugs å søkje om støtte

For å få ekstrastipend må du ha sendt inn søknad om stipend og lån på www.lanekassen.no for same periode som du skal søkje om ekstrastipend for. Søknadsfristen er 15. november 2019 for hausten 2019 og 15. mars 2020 for våren 2020. For haustkurs som startar 1. november 2019 eller seinare, er fristen 15. mars 2020. For kurs om våren som startar 1. mars 2020 eller seinare, må søknaden ha komme inn før vårsemesteret 2020 er avslutta.

Søknadsfrist for ekstrastipend

Du må sende X-skjemaet i posten. Det må ha komme inn til Lånkassen før perioden du har søkt om stipend og lån, er avslutta.

Ekstra støtte for sommaren og stipend til forseinking

Du kan også

- søkje om stipend og lån for sommaren. Bruk skjema Y, som du kan skrive ut frå www.lanekassen.no/skjema_nn
- få stipend til forseinking utover eitt undervisningsår / 60 studiepoeng, sjå www.lanekassen.no/nedsettfunksjonsevne

1 Personlege opplysningar

Kundenummer i Lånkassen	Fødselsnummer (11 siffer)
Etternamn	Fornamn og mellomnamn
Adresse	Postnummer/-stad


2 Stadfesting frå lege (fyllast ut av lege, spesialist eller fagperson)

Les øvst på sida om kven som kan få ekstrastipend. Pass på at punkt 1 er utfyllt før du kryssar av i punkt 2.

Lånkassen kan også godta stadfesting frå spesialist/fagperson med særskilt kjennskap til den nedsette funksjonsevna.

Merk: Personar som kan reknast som inhabile på same måte som persongrupper omtalte i forvaltningslova § 6, kan ikkje stadfeste søknadsopplysningane.

<p>Må søkjaren, på grunn av nedsett funksjonsevne, bruke betydeleg meir tid og krefter på utdanninga enn det som er vanleg?</p> <p>Ved å svare Ja stadfester du at den nedsette funksjonsevna fører til at søkjaren må bruke vesentleg meir tid og krefter på å studere enn andre studentar i same utdanning, som ikkje har nedsett funksjonsevne. Du stadfester at den ekstra tidsbruken er nødvendig for at søkjaren kan oppretthalde normal studieprogresjon.</p>	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
<p>Fører den nedsette funksjonsevna til at søkjaren ikkje kan ha lønna arbeid ved sidan av utdanninga utan at det går ut over normal studieprogresjon?</p> <p>Ved å svare Ja stadfester du at konsekvensen av at søkjaren må bruke ekstra tid på studiet, er at søkjaren ikkje har kapasitet til å ha nokon form for lønna arbeid ved sidan av studiet i den perioden stadfestinga gjeld for.</p> <p>Merk: Søkjaren kan ikkje ha arbeid i det heile teke så lenge han/ho får dette stipendet. Det gjeld for alle vekedagar og feriar i perioden 16.08.2019 til og med 15.01.2020 for hausten og 16.01.2020 til og med 15.06.2020 for våren.</p>	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei

Skjemaet fortset på neste side 



Er søkjaren i stand til å studere i perioden stadfestinga gjeld for? Ved å svare Ja stadfester du at søkjaren er i stand til å studere og er studieaktiv i heile søknadsperioden. Ekstrastipendet kan ikkje bli gitt til søkjarar som er heilt studieuføre på søknadstidspunktet for ekstrastipend. Søkjar som er studieufør i kortare periodar fordi den nedsette funksjonsevna blir forverra, eller er studieufør av andre medisinske årsaker, kan ha rett til sjukestipend. Les meir om sjukestipend på www.lanekassen.no/sjuk .		<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Kva periode gjeld stadfestinga for? Her forsikrar du om at stadfestinga du har gitt, gjeld for heile perioden du kryssar av for. Hugs at søkjaren må levere søknad med ny stadfesting frå lege / annan fagperson for kvart undervisningsår, fordi det er situasjonen i det aktuelle året som avgjer om søkjaren har rett til ekstrastipendet eller ikkje.	Haut 2019 <input type="checkbox"/> (16.08.2019–15.01.2020)	Vår 2020 <input type="checkbox"/> (16.01.2020–15.06.2020)
Dato	Namnet til lege/fagperson med blokkbokstavar (Dersom annan profesjon enn lege, oppgi profesjonstittel)	Stempel og underskrifta til lege/fagperson

3 Underskrifta til søkjaren

Dette skriv eg som søkjar under på:

- Eg forsikrar at eg på grunn av nedsett funksjonsevne ikkje er i stand til å ha nokon form for lønna arbeid ved sidan av studiet. Eg er kjend med at dette gjeld heile perioden eg søker om ekstrastipend for, både kvardagar, helgar og feriar.
- Eg forsikrar at eg er i stand til å studere og er studieaktiv i heile perioden eg søker om ekstrastipend for.
- Eg stadfester at opplysningane eg har gitt, er riktige og så fullstendige som råd, jf. kapittel 12 i forskrifta om utdanningsstøtte på www.lanekassen.no/forskrifter.
- Eg er kjend med at eg bryt opplysningsplikta dersom eg gir feil eller ufullstendige opplysningar til Lånekassen eller til andre partar som Lånekassen hentar opplysningar frå til bruk i saksbehandlinga. Andre partar er for eksempel Nav, skatteetaten og folkeregisteret.
- Oppstår det endringar etter at søknaden er sendt inn, for eksempel at eg får lønna arbeid, er eg forplikta til straks å gi Lånekassen skriftleg melding om det.
- Eg er kjend med at Lånekassen kan kontrollere dei opplysningane eg har gitt, med andre offentlege institusjonar, kontor og register, jf. § 23 i utdanningsstøtteleova på www.lovdato.no, forskrifta om utdanningsstøtte og forskrifta om Lånekassen sin heimel til innhenting av opplysningar på www.lanekassen.no/innhenting_opplysninger.
- Eg er kjend med vilkåra for ekstrastipend til søkjarar med nedsett funksjonsevne, som eg finn i §§ 8-10, 43-1 og 43-2 i forskrifta om utdanningsstøtte for 2019–2020.
- Eg er kjend med at ekstrastipend for søkjarar med nedsett funksjonsevne blir behovsprøvd mot inntekta, trygda og formuen min og mot formuen til ein eventuell ektefelle / sambuar eg har barn saman med. Ekstrastipend kan bli gjort om til lån dersom inntekta og/eller formuen har vore høgare enn dei fastsette grensene, jf. kapittel 29 i forskrifta om utdanningsstøtte. Person- og kapitalinntekta og formuen på skattefastsetjinga for den perioden eg har fått støtte, blir lagde til grunn.
- Eg er klar over at urette eller ufullstendige opplysningar kan føre til at stipendet blir gjort om til lån, at eg må betale tilbake støtte eg ikkje hadde rett til, og at lånet kan bli rentebelasta og eventuelt sagt opp. Eg er klar over at eg også kan misse retten til utdanningsstøtte, betalingslette og sletting av gjeld i framtida, og at grove tilfelle kan bli melde til politiet, jf. kapittel 12 og 13 i forskrifta om utdanningsstøtte.
- Eg er kjend med vilkåra for tilbakebetaling av lån, som eg finn i forskrifta om tilbakebetaling på www.lanekassen.no/forskrifter.

Dato	Underskrifta til søkjaren
------	---------------------------

Skjemaet sender du til **Lånekassen, Postboks 450 Alnabru, 0614 Oslo.**

Les meir på www.lanekassen.no/nedsettfunksjonsevne.

Behandling av personopplysningar: Lånekassen behandlar personopplysningar i samsvar med regelverket for personvern. Les personvernerklæringa vår på www.lanekassen.no/personvern-nn.